

Årsrapport for LSU Molde 2021

Møter

Det ble gjennomført totalt 7 møter i LSU Molde i 2021. To av disse saman med LSU Kristiansund.

I tillegg var det planlagt å gjennomføre det årlege samhandlingsseminaret mellom Molde sjukehus og ROR-kommunane, men dette måtte avlysast for andre året på rad pga. pandemisituasjonen. I tillegg har mange av møta i LSU Molde blitt gjennomført digitalt av same årsak.

Deltakarar

Molde sjukehus / HMR deltar med 4 faste representantar i tillegg til praksiskonsulent. Alle ROR-kommunane er representert med sine kommunalsjefar for helse og omsorg. Brukarutvalet deltek fast med 1-2 representantar. ROR er ansvarleg for sekretariatet og gjennomføringa av møta i samarbeid med leier og nestleiar i utvalet.

Deltakere i LSU Molde ved årsskiftet 2021/22:

Organisasjon	Navn	Stilling/Funksjon
Aukra kommune	Jan Erik Hovdenak	Kommunalsjef
Hustadvika kommune	Jan Morten Dale	Kommunalsjef
Molde kommune	Tanja Thalén	Kommunalsjef Nestleder LSU Molde
Rauma kommune	Margrete Grinaker Berle	Kommunalsjef
Vestnes komme	Elly Slettvoll	Kommunalsjef
Klinikk sjukehuset Nordmøre og Romsdal	Oddbjørn Tomren	Avdelingssjef medisin og nevrologi Leder LSU Molde
Klinikk sjukehuset Nordmøre og Romsdal	Ingrid Vasdal	Avdelingssjef kirurgi og akuttmedisin
Klinikk sjukehuset Nordmøre og Romsdal	Trude Solenes	Avdelingssjef sengeposter og akuttmottak
Klinikk psykisk helse og rus	Line Lingen	Avdelingssjef sjukehuspsykiatri Nordmøre og Romsdal
Klinikk psykisk helse og rus	Hilde Sivertsen	Seksjonsleder BUP Molde
Praksiskonsulentordningen	Thilde Svela	Praksiskonsulent
HMR	Ann-Helene Skare	Brukerrepresentant HMR
HMR	Atle Tangen	Brukerrepresentant HMR
Kommuner	Andrea Enoksen Eide	Kommunal Brukerrepresentant
Romsdal IPR	Alf Reistad	Daglig leder Sekretær i LSU Molde

Representasjonen er avgjerande for at utvalet skal ha tilstrekkeleg tyngde til å få gjennomført konkrete forbetringar. Vi er i dag godt fornøgd med korleis arbeidet vert prioritert, både frå leiinga ved Molde sjukehus og i ROR-kommunane.

Dei viktigaste sakene

Følgande saker har blitt tatt opp i LSU Molde i 2021:

- Oppfølging av fire konkrete forbetningsprosjekt
- Status for Helseplattforma med spesiell fokus på samhandling og fastlegeinvolvering
- Etablering av Helsefellesskap M&R
- Revidert mandat for LSU i den nye Samarbeidsavtalen for Helsefellesskap Møre og Romsdal
- Innspel til handlingsplanane for fire prioriterte Faglege Samarbeidsutval i Helsefellesskapet
- Status for fellessjukehuset for Nordmøre og Romsdal (SNR)
- Avvikling av kommunal medverknadsgruppe SNR
- Orientering om samhandlingsavvik og – data
- Revisjon av utviklingsplanen for HMR
- Reduksjon av HMR sitt tilbud innan klinikk for helse og rus
- Utskrivingsklare pasientar inkludert kommunikasjonsutfordringar mellom sengepostane og dei kommunale tildelingskontora
- Drøfting mellom helseføretaket og kommunane ved endring i tenestetilbod
- Orientering om følgjande tiltak:
 - Barn og unges tenestetilbod
 - Koordinerande eining – individuell plan
 - Barneblikk
 - Stiftinga FIRE
- Erfaringsutveksling mellom LSU Molde og LSU Kristiansund

Vurdering av kva ein har oppnådd

Møta i LSU Molde har gradvis blitt meir orientert mot å skape konkrete forbetningar i grensesnittet mellom spesialist – og kommunehelsetenesta under mottoet *frå ord til handling!*

På bakgrunn i revidert mandat, og kartlegging av aktuelle forbetningsområde, vart det i 2020 etablert 4 konkrete forbetningsprosjekt. Det vart oppretta prosjektgrupper med representantar frå sjukehuset og kommunane. Arbeidet med desse fire prosjekta har vore vidareført i 2021:

Prosjekt 1 - Frå floskel til handling - «Rett pasient på rett sted»

Prosjekt 2 - Tidleg mobilisering av pasientar ved innlegging i sjukehus

Prosjekt 3 - Pasientforløp for Parkinson sjukdom

Prosjekt 4 - Økt talet på uteksaminerte sjuke- og vernepleiarar frå HiMolde i Molde

Omfanget av dei to første prosjekta har blitt større enn det som først var planlagt. Her er framdrifta god. Prosjektet som tar for seg pasientforløp for pasientar med Parkinson sjukdom har blitt satt på vent i påvente av arbeidet i det nasjonale ParkinsonNett. Ein arbeider godt med det siste prosjektet, men framdrifta for å få auka kapasiteten ved HiMolde har ikkje vore som forventa. Det skuldast forhold som ligg utanfor det prosjektgruppa rår over.

Det har blitt utarbeid eigne årsrapportar for dei ulike forbetningsprosjekta.

Vidare satsing – fokusområde for 2020-22

Arbeidet med dei fire prioriterte områda vil bli vidareført i 2022. I tillegg vil ein sjå nærare på utskrivingsklare pasientar, i tillegg til registrering og rapportering av samhandlingsavvik.

Molde 21.01.2022

Oddbjørn Tomren	Tanja Thalén	Alf Reistad
Leiar 2021	Nestleiar 2021	Sekretær